

**Fra:** [Gabriella Fure Briceño](#)  
**Til:** [Silje Skaro](#)  
**Emne:** SV: 21/03297 - Hyttefelt på Alme - avklaring av fråsegn  
**Dato:** fredag 29. oktober 2021 16:11:12

---

Hei,

Vi forstår det slik at massar skal takast ut i forbindelse med etablering av hyttetomter og tilkomstveg og at eventuelle overskotsmasser vil kunne nyttast i en molo. Og at det vil vere snakk om å hente inn massar dersom det oppstår underskot av massar. Det har tidlegare vore vanskeleg å forstå kva uttak som er vurdert som naudsynt for å realisere utbygginga, men vi oppfattar det no slik at dykk ikkje tenkjer å ta ut meir masse enn naudsynt for å realisere planlagt fritidsbebyggelse. Dersom det skulle etablerast eit eige uttak for å få tilgang til massar for utbygging kunne uttak vere omfatta, men vi vurderer no at tiltaket fell utanfor minerallovas verkeområde. Dette forutsatt at det ikkje skal takast ut meir masse enn naudsynt for å realisere føremålet med fritidsbebyggelsen.

Når tiltaket ikkje er omfatta av minerallova, gjeld heller ikkje meldeplikta etter minerallova § 42.

Med vennlig hilsen

Gabriella Fure Briceño  
Rådgiver

**Direktoratet for mineralforvaltning**  
med Bergmesteren for Svalbard

**POST- OG BESØKSADRESSE** Ladebekken 50, N-7066 Trondheim

**SENTRALBORD:** +47 73 90 46 00, **DIREKTE** +47 920 21 229

**E-POST** [post@dirmin.no](mailto:post@dirmin.no) **DIREKTE** [gabriella.briceno@dirmin.no](mailto:gabriella.briceno@dirmin.no)

**WEB** [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no)

---

**Fra:** Silje Skaro <[silje@sporstol.no](mailto:silje@sporstol.no)>  
**Sendt:** onsdag 27. oktober 2021 10:40  
**Til:** Gabriella Fure Briceño <[Gabriella.Briceno@dirmin.no](mailto:Gabriella.Briceno@dirmin.no)>  
**Kopi:** Bjørnar Sporstøl <[bjornar@sporstol.no](mailto:bjornar@sporstol.no)>  
**Emne:** 21/03297 - Hyttefelt på Alme - avklaring av fråsegn

Hei!

Viser til samtale tidlegare i dag kva gjeld DMF sin uttale til reguleringsendringa på Alme, og sender som avtalt ein e-post.

I uttalelen skriv dykk som følger:

*«Informasjon om uttaksområde, volum, type massar, tidsperspektiv og vurdering av om massane er eigna til utfyllingsføremålet bør difor avklarast i plandokumenta, eller ved at tiltakshavar tek direkte kontakt med DMF for å avklare om minerallova gjeld for uttak knytt til føreslegne tiltak.»*

Som nemnt gjeld dette eit hyttefelt der utforming av hytter og tidsperspektiv for sal og etablering er høgst usikkert. Nokre av hyttene vil kunne verte teikna og utbygd om nokre år, andre lenger fram i tid. Det vil innanfor området verte forflytning av massar mellom tomtene, og masser frå hyttetomter vil kunne brukast til etablering av tilkomstveg etc. Eventuelle overskotsmasser vil også kunne nyttast til etablering av molo. Behov for ytterlegare massar til molo blir å hente frå godkjent masseuttak i nærleiken. Vi vil ikkje på noverande tidspunkt kunne gjere ei kvalitativ vurdering av volum og massar, men meiner ei utbygging av hyttefeltet ikkje vil kunne definerast som eit masseuttak, og at minerallova såleis ikkje vil gjelde for tiltaket. Vi har likevel teke følgjande setning inn i føresegnene §2e:

*«Dersom samla uttak er over 500 m<sup>3</sup> gjeld meldeplikt til Direktoratet for mineralforvaltning, jf. Minerallova §42.»*

Meldeplikta vil såleis verte ivareteke dersom det skulle vise seg at forflytta masser til molo vert over 500m<sup>3</sup>.

Håper dette er avklarande ift. merknaden frå dykk (ref. 21/03297-4).

Med vennleg helsing

**Silje Skaro**

Arkitekt

Tlf: 986 02 227

[silje@sporstol.no](mailto:silje@sporstol.no)

[www.sporstol.no](http://www.sporstol.no)

